

Samla saksprotokoll frå Fast utval plansaker

030/03 HØYRING. FORSKRIFT OM GEBYR VED OVERSKRIDING AV TIDSFRIST FOR HANDSAMING AV PRIVATE PLANFORSLAG ETTER § 30 I PLAN- OG BYGNINGSLOVA.

Sakshandsamar: Hallvard Rusten - UTV
Dato: 26.11.2003
Arkivref.: 2003/000603-2 / 040

Utval	Møte- dato	Utvals- saksnr.	Beh.- status	Avgjerande organ
Fast utval plansaker	11.11.03	029/03	UT	Ja
Fast utval plansaker	20.11.03	030/03	BE	Ja

(Status: SK=Sakliste sendt, BE=Ferdig handsama, UT=Utsett, TB=Tilbakeført til forrige utval)

Melding vert sendt til:

-partar i saka
-andre

Dokument vedlagt saka:

Andre dokument i saka:

Klagerett:

Nei

Framlegg frå rådmannen: til Fast utval plansaker - 11.11.03

Fast utval plansaker har ingen særlege merknader til forslaget om gebyr ved overskriding av tidsfristen for behandling av private planforslag etter § 30 i plan- og bygningslova.

Vedtak: fra Fast utval plansaker - 11.11.03

Saka vert utsett

Møtebehandling: fra Fast utval plansaker - 20.11.03

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Vedtak: fra Fast utval plansaker - 20.11.03

Fast utval plansaker har ingen særlege merknader til forslaget om gebyr ved overskriding av tidsfristen for behandling av private planforslag etter § 30 i plan- og bygningslova.

Saksframlegg for Fast utval plansaker

029/03 HØYRING. FORSKRIFT OM GEBYR VED OVERSKRIDING AV
TIDSFRIST FOR HANDSAMING AV PRIVATE PLANFORSLAG ETTER §
30 I PLAN- OG BYGNINGSLOVA.

Sakshandsam Hallvard Rusten - UTV

ar:

Dato: 06.11.2003

Arkivref.: 2003/000603-2 / 040

Utval	Møte- dato	Utvals- saksnr.	Beh.- status	Avgjerande organ
Fast utval plansaker	11.11.2003	029/03	-	Ja

(Status: SK=Sakliste sendt, BE=Ferdig handsama, UT=Utsett, TB=Tilbakeført til forrige utval)

Melding vert sendt til:

-partar i saka


-andre

Dokument vedlagt saka:

Andre dokument i saka:

Framlegg frå rådmannen:

Fast utval plansaker har ingen særlege merknader til forslaget om gebyr ved overskriding av tidsfristen for behandling av private planforslag etter § 30 i plan- og bygningslova.



Saksbehandler: HR-UTV-UTV
Journal: 2003/000603

Dato: 03.11.03
Arkiv: 040

HØYRING. FORSKRIFT OM GEBYR VED OVERSKRIDING AV TIDSFRIST FOR HANDSAMING AV PRIVATE PLANFORSLAG ETTER § 30 I PLAN- OG BYGNINGSLOVA.

BAKGRUNN FOR SAKA

Miljøverndepartementet har utarbeidd eit utkast til forskrift som nemnt ovanfor. Utkastet er sendt ulike høyringsinstansar til uttale, mellom desse eit utval på 47 av landets kommunar. Herøy er ein av desse høyringskommunene.

SAKSOPPLYSNINGAR

Formålet med forskrifta er å fremje ei raskare og meir effektiv behandling av private planforslag. For å oppnå dette vert det innført sanksjonsreglar som trår i kraft dersom kommunen ikkje følgjer opp saksbehandlinga innafør gitte fristar.

Forslaget inneber at det faste utvalet for plansaker må behandle eit privat reguleringsforslag innan 12 veker etter at det har kome til kommunen. Fristen er knytta til avgjerda om at reguleringsplanforslaget skal fremjast. I praksis vil dette ofte vere samanfallande med vedtak om å legge planforslaget ut til offentleg ettersyn. Sanksjonen inneber at kommunen, ved overskriding av fristen, må betale tilbake 25 % av det totale gebyret for kvar påstarta veke som fristen vert overskriden. Som det går fram av dette vil ikkje forskrifta ha verknad for dei kommunar som ikkje har innført gebyr for behandling av private planforslag.

Departementet understrekar at tida tek til å gå når det ligg føre eit forslag som vert vurdert å tilfredsstillе minstekrava til framstilling og innhald (jfr. § 22 i PBL og rettleiar T-1381 om utarbeiding av regulerings- og bebyggelsesplanar). Klart mangelfulle planforslag kan såleis returnerast til forslagsstillar for naudsynt supplering, og den ovannemnde fristen gjeld då frå det tidspunkt eit fullstendig forslag har kome inn. Departementet påpeikar imidlertid også at der det pågår eit konstruktivt samarbeid mellom forslagsstillar og kommune, og det ut frå dette er behov for lenger saksbehandlingstid, så vil det kunne vere aktuelt å avtale ein annan framdriftsplan enn det som går fram av lova sin hovudregel.

Kopi av brev frå Miljøverndepartementet av 25.08.03 med tilhøyrande forskriftsforslag og merknader følgjer saka som trykt vedlegg. Det er bede om tilbakemelding på høyringa innan 01.11.03.

Saksgangen for private planforslag i Herøy kommune startar som oftast ved at ein privat forslagsstillar kjem med ein skriftleg forespørsel om å få starte planlegging i eit nærare avgrensa område. Dette vert så nærare vurdert i høve til kommuneplan, det vert teke stilling til om planområdet bør utvidast/avgrensast eller om det av ulike årsaker vil vere uaktuelt å starte planlegging av det omsøkte arealet no. Saka vert så framlagt for Fast utval plansaker som gir løyve til eller avviser oppstart av plan for det aktuelle området.


Med bakgrunn i eit løyve om oppstarting av planarbeidet, vert så dette annonsert (offentleg ettersyn) og det vert sendt aktuelle høyringsorgan til uttale. Sjølve planarbeidet vert så igangsett og gjennomført på grunnlag av denne innleiande prosessen og det vil i denne samanheng også verte halde eitt eller fleire drøftingsmøte med administrasjonen.

Det planforslaget som til slutt vert sendt inn i etterkant av denne prosessen skal tilfredsstillast minstekravet til framstilling og innhald før det vert lagt fram for planutvalet med sikte på utlegging til offentlig ettersyn. Dette inneber samstundes at planutvalet vedtek å fremje (eller avvise) planen. Tidsfristen på 12 veker tek til å gå frå eit fagleg tilfredsstillande forslag er journalført og til nemnde behandling finn stad.

VURDERINGAR

Frå rådmannen si side kan ein ikkje sjå at innføring av ei forskrift med tidsfristar på planbehandlninga vil innebere særlege problem for kommunen. Utfordringa vil nok heller ligge i å stille og følgje opp krav til forslagsstillarane som sikrar at innkomne planforslag er i samsvar med gjeldande minstekrav til framstilling og innhald. Dette inneber mellom anna at ein må ha gode rutiner på saksgangen i plansaker, her under evt. også å returnere planforslag som ikkje tilfredsstillast minstekravet. Rådmannen viser også til at det, i samråd med forslagsstillar, er høve til å inngå avtale om utvida fristar dersom ein i samråd kjem fram til at saka er best tent med ei noko romslegare behandlingstid.

Rådmannen vil med dette tilrå at kommunen ikkje har særlege merknader til forskriftsforslaget.


Rune Sjørgård


Hallvard Rusten